

Kommunal planstrategi

2024-2027

med planprogram
for revidering av
kommuneplanens samfunnsdel

Lom kommune

Innhold

Innleiing	3
Rammer for planstrategien	4
Plansystemet i Lom kommune	6
Utfordringsbildet	8
Folkehelse	9
Utvikling i folketalet	11
Arealbruk	13
Klimautslepp og naturtap	14
Beredskap	15
Landbruket	16
Nærings- og arbeidsliv	18
Planoversikt	21
Planprogram	24

Innleiing


Den kommunale planstrategien er retningsgjevande for arbeidet i kommunen i åra framover. Kva utviklingstrekk ser vi, og kva behov leier utviklinga til? Kva planverk treng kommunen for å møte framtida?

Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men syner kort sagt kva planverk kommunen treng for å møte utfordringar og moglegheiter i Lom.

Utarbeidninga av planstrategien er ei lovpålagd oppgåve som skal skje kvar valperiode. Den skal syne kva planarbeid som skal prioriterast og kva ressursar som trengs, og er såleis også eit viktig politisk styringsverktøy. Dette føreset at kommunen har ein ståstad basert på realisme, knytt både til dagens situasjon og utviklingstrekk inn i framtida.

For ikkje å gjere planleggingsarbeidet meir omfattande enn ønskt er det også viktig å ha eit kritisk blikk på kva planar vi faktisk treng.

Behovsstyrт planlegging føreset at vi veit noko om dagens situasjon i kommunen, kva utvikling som er venta og kva politikk som er ønskt.



Rammer for planstrategien

Kommunen si drift og utvikling skjer ikke isolert frå resten av regionen eller landet. Kommunen må halde seg til regelverk, retningsliner og forventningar frå både nasjonale og regionale styresmakter. I tillegg skal lokaldemokratiet stille sterkt med sine ønske for utviklinga av samfunnet.

Plan- og bygningslova

Gjennom plan- og bygningslova § 10-1 er det bestemt at kommunestyret minst ein gong kvar valperiode skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Denne bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i tenestene, samt ei vurdering av planbehovet i valperioden.

FNs berekraftmål

Regjeringa har bestemt at FN sine berekraftmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. FN sine berekraftmål er verdas felles arbeidsplan for å imøtekome dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov. I dei 17 berekraftmåla ser ein økonomi, miljø og sosial utvikling i samanheng.

Nasjonale og regionale forventingar

Eit av dei viktigaste styringsverktøya for kommunen si planlegging er *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Det gjeldande forventingsdokumentet vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023, og er gjeldande i ei fireårsperiode til 2027. Fem overordna perspektiv ligg til grunn: Sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap og samarbeid for å nå måla.

Innlandsstrategien

Innlandsstrategien er Innlandet fylke sin planstrategi. Innbyggjarar, inkludering, innovasjon og infrastruktur er satsingsområda.

Det er foreslått tre langsiktige utviklingsmål i Innlandsstrategien:

- Berekraftig ressursforvalting som gjev utvikling og nye arbeidsplassar
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstadar og bygder
- At aktørar i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlegheit

Statlege planretningslinjer

Dei statlege planretningslinene legg føringar for kommunal planstrategi for kommunen. Døme på slike retningsliner er rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging, og statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Lov om folkehelse

Lova skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, mellom anna ved å utjamne sosiale helseforskjelar. Loven fastset at folkehelse er eit ansvar i alle sektorar, ikkje berre i helsesektoren.

Bustadsosiale omsyn

Bustadsosial lov gjev kommunane eit tydeleg ansvar for organisering og planlegging av det bustadsosiale arbeidet, og at dette skal knytast til planstrategi og kommuneplanar. Lova inneber også ein vedtaksfesta rett til individuell bistand for innbyggjarane.

Samfunnstryggleik og beredskap

I alle planar skal samfunnstryggleik og beredskap ivaretakast. Kommunen har ansvaret for den lokale beredskapen, og i tillegg til plan- og bygningslova er sivilbeskyttelseslova særleg viktig i dette arbeidet.

Politikk

Dei politiske partia som styrer kommunen og dei kommunale råda har fått orienteringar om planstrategiarbeidet, hatt gruppearbeid og fått høve til å kome med innspel til kva område dei meiner er dei viktigaste å fokusere på i Lom i årå framover. Dette arbeidet kan kort oppsumerast slik:

- Realisme
- Folkehelse
- Tilflytting
- Bustad
- Rekruttering
- Næringsutvikling
- Skule
- Sosiale møteplassar

Plansystemet i Lom kommune

Kommuneplanen

Alle kommunar er pålagde å ha ein overordna plan: Kommuneplanen. Denne er todelt, og inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen for Lom vart vedteken i 2022, det same med samfunnsdelen.

Økonomiplan og budsjett

Kommuneplanen har ein handlingsdel: Økonomiplanen. Det er gjennom denne at måla i kommuneplanen skal effektuerast. Økonomiplanen er fireårig, og det første året svarar til kommunen sitt årsbudsjett. Årsbudsjettet og økonomiplanen blir revidert og vedteke årleg.

Ved å kople kommuneplan og økonomiplan vil kommunen kunne planlegge langsiktig. Med jamne revideringar av kommuneplanen og årleg revidering av økonomiplanen sikrar ein også at kurser kan justerast undervegs.


Andre planar

I tillegg til desse overordna planane har kommunen tema- og sektorvise planar. Døme på dette er førebyggande plan for oppvekst og trafikk-sikringsplan. I utarbeidninga av kommuneplanens samfunnsdel var

det eit mål om å integrere andre planar inn i samfunnsdelen, for å gjere planverket meir oversiktleg og sikre hyppigare revideringar.

Arealplanar

For å planleggje bruken av areala i kommunen er det vedteke fleire reguleringsplanar. Desse har meir detaljerte reglar for kva ein kan nytte areala til og kva tiltak som kan gjerast kvar, til dømes bustadbygging, handel og offentlege tenester og landbruksdrift, og kvar ein skal ta vare på natur og kvar det skal kunne drivast landbruk. Det er om lag 60 vedtekne reguleringsplanar i kommunen



Utfordringsbildet

Til ei kvar tid må kommunen arbeide for å møte utfordringar og moglegheiter på ein best mogleg måte. Aller helst på forskot. Dette føreset at ein arbeider både lokalt i kommunen og bidreg på regionalt, nasjonalt og til og med globalt nivå – avhengig av kva oppgåva eller utfordringa er.

Regionen Nord-Gudbrandsdalen består av seks kommunar med lågt folketal. På somme område er det naudsynt å samarbeide, fordi det er mest forsvarleg, og fordi ein slik nyttar kompetanse og ressursar på ein best mogleg måte. I framtida vil samarbeid fortsatt vere ein viktig bidragsyta inn i den kommunale oppgåveløysinga.

Mange av dei kommunale oppgåvene er lovpålagde, både for korleis kommunen blir drifta og korleis ein skal levere tenester til innbyggjarane. I tillegg tek kommunen på seg oppgåver vi ikkje har krav på oss til å gjennomføre, men som vi gjennomfører fordi vi meiner det bidreg positivt til bygda og innbyggjarane.

Nedgang i folketalet

Folketalet går ned i Lom og andre distriktskommunar.

Aldrande befolkning

Fleire eldre og færre unge, dette er utfordrande for omsorg og arbeidsliv.

Fleire utanfor arbeidslivet

Låg arbeidsløyse, men mange står utanfor arbeidsliv og utdanning.

Naturtap og klimaendringar

Tap av verdifulle artar og naturområde og endringar i klimaet fører til utfordringar og krev løysingar.

Urbanisering

Vekst i byområda, folketalsnedgang i distrikta.

Digitalisering

Digitalisering i alle delar av samfunnet fører til omstillings- og læringsbehov.

Beredskapssituasjonen

Kommunal beredskap er stadig viktig og kommunen må planlegge og vere førebudd for hendingar som går over kortare og lengre tid.

Folkehelse

Demografisk utvikling

Lom står overfor ei stor demografisk endring dei kommande åra, med ein betydeleg større andel eldre, færre personar i arbeidsfør alder og lågare fødselstal. Dette gjev utfordringar i alle sektorar i kommunen i tida framover.

Lom har ein høgare andel eldre enn gjennomsnittet for norske kommunar, noko som betyr at vi møter utfordringane med den demografiske utviklinga tidlegare. Dei har allereie begynt.

Oppvekstmiljø

Lom kommune har fleire gode kvalitetar som gjer det til ein god plass å vekse opp og leve gode liv. Dei aller fleste seier det trivst og føler seg trygge i Lom. Det er god luftkvalitet og lite støy. Tala for barnehagane og skulane viser eit godt læringsmiljø og gode læringsresultat. Det er utfordringar også her, med svakare resultat enkelte år, men over tid viser tala at ein ligg greitt ann samanlikna med resten av landet.

Ungdom

Ungdommar i Lom har gjeve uttrykk for at dei har sakna stader å treffe andre ungdommar på fritida. I 2022 vart det tilsett ungdomskonsulent i ein 100% fast nyopprettet stilling, som skal treffe ungdom på deira arenaer.

Ungdomsklubben vart reetablert hausten 2022 og har vore mykje

besøkt. Resultata frå Ungdataundersøkinga i 2024 viser at ungdom no er svært fornøgd med stader å treffe andre ungdom på fritida, og ligg høgt over dei andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

Ungdata-undersøkingar og erfaringar blant ungdomskonsulent og politi viser ein auka rusmiddelbruk blant ungdom i både Lom og dei andre norddal-kommunane. Andelen ungdomsskulevar som seier dei har vore rusa på alkohol er høgare enn gjennomsnittet for heile landet. Ein stor del seier òg at dei får lov av sine foreldre å drikke alkohol.

Barn og ungdom bruker stadig meir tid på skjerm, noko som i tillegg til inntak av energidrikk blir sett på ein årsak til aukande grad av søvnvanskar i denne aldersgruppa.

Psykisk helse

Psykiske plagar og -vanskar er eit aukande problem blant barn og unge. Det er også ei auke i psykiske plagar blant vaksne, og særleg unge kvinner. Det er mange i arbeidsfør alder utanfor arbeidslivet, både i Lom og landet generelt, og det er eit aukande problem med unge uføre. Det er psykiske lidingar som er årsaka til den store auka i unge uføre.


Sosial ulikskap

Vi har store sosiale forskjellar innan helse, og ulikskapen aukar. Dei som har fullført vidaregåande skule eller høgare utdanning har sunnare levevanar, har betre helse og lev lenger enn dei med grunnskule som høgast utdanningsnivå. Dette gjev ein sosial ulikskap innan helse. Utjamning av sosial ulikskap i helse er eitt av fem prinsipp innan folkehelsearbeidet. Difor er innsats retta mot at flest mogleg skal fullføre grunnskule og vidaregåande opplæring eit viktig satsingsområde innan folkehelsearbeidet både lokalt og nasjonalt.

Helsetilstand

Dei aller fleste har god helse og livskvalitet i Lom. Det ser ut til at livskvalitet, lykkekjensle og fråvær av einsemd aukar med alderen. Når det gjeld ulike sjukdommar slik som hjarte- og karsjukdom, kreft og muskel- og

skjelettplager ligg ikkje kommunen vesentleg därlegare an enn resten av landet. Førekommst av demens ligg høgare enn landsgjennomsnittet, noko som mellom anna skyldast ein høgare andel eldre i kommunen.



Utvikling i folketalet

Folketalsframskrivingar varierer noko avhengig av datagrunnlaget som blir nytta og av kven som utarbeider framskrivingane. SSB sine tal syner ei utvikling framover som tilseier ei befolkning på under 2000 personar etter 2035. Trenden med nedgang har gått over tid, frå slutten av 1990-talet da folketalet låg oppunder 2600. Ved inngangen til fjerde kvartal i 2023 vart talet 2214.

Trenden er den same som i bygde-Noreg elles. Det er utfordrande å snu denne utviklinga, sjølv om kommunane i mange år har arbeidd for tilflytting. Det blir færre folk å kjempe om.


Dei siste åra har det i kommuneplanlegginga vorte meir fokus på å planlegge for eit krympande folketal i staden for å ha urealistiske målsettingar om vekst. Fokuset må rettast til at små fødselskull kombinert med eldrebølgje skaper utfordringar som kommunen og lomssamfunnet må finne løysingar på, i staden for å jobbe mot ei utvikling med befolkningsauke som kanskje ikkje kjem.

Sidan år 2000 er talet på busette lomverar redusert med heile 364. I perioden 2020 til 2023 har det derimot vore ein liten oppgang i folketalet. Fødselsoverskotet i 2023 er minus 13. Dette betyr at det er fleire daude enn fødde.


Folk som flyttar til kommunen bidreg i midlertid til at folketalsnedgangen blir lågare enn om vi baserer tala våre berre på flytting og dei som blir fødde

og dei som dør. Nettoinnflyttinga i Lom var i 2023 på 10 personar: 80 personar flytta til kommunen og 70 flytta ut. Dette bidreg positivt i folketalsutviklinga, sjølv om det ikkje er nok til å oppretthalde eller auke folketalet.


Fordeling aldersgrupper



Kjelde: SSB




■ Antal fødde ■ Antal daude



■ Antal innflytta ■ Antal utflytta

Historisk folketal og framskrivingar, antal personar



Kjelder: SSB. Tal på antal fødde, daude og flyttingar er 2023-tal.

Arealbruk

Arealstrategi

I kommuneplanens samfunnsdel er det vedteke ein forenkla planstrategi. Utarbeidninga av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel gjekk delvis parallelt, og det var difor utfordrande å leggje opp til ein fullverdig arealstrategi. Dette må nå kome før neste revidering av arealdelen. Jamfør arealstrategien skal Lom kommune:

- legge til rette for bustadbygging på Fossbergom, i Garmo og i grendene ellers, tilpassa ulike bustadtyper og målgrupper
- fortsette arbeidet med å trygge trafikkforholda, med trygge skulevegar og gang- og sykkelvegar
- arbeider for etablering og tilrettelegging av næringsområde
- arbeide for at dyrka mark ikkje blir omdisponert til andre føremål
- arbeide for å redusere endringar av arealbruk som vil føre til tap av naturmangfold

Byggeaktivitet

Talet på byggesøknadar har gått jamnt nedover: I åra 2018 vart talet på handsama byggesaker om lag 80. I 2023 var talet nesten 30. Nedgangen er å finne att i tala for både Innlandet og landet utanom Oslo.

Nærings og bustad

I Lom er det særleg bustadareal og næringsareal som trer fram som viktige tema. I kommuneplanen er det sett av nytt næringsareal på Lågkollen, men ikkje utarbeidd reguleringsplan.

Ved utgangen av 2023 var det 1377 bustadar i Lom, av dei var det 1080 einebustadar. Bustadmarknaden er utfordrande, med lite utval og variasjon for kjøp og leige. I 2023 vart det omsett åtte bustadar på den opne marknaden i Lom. Om lag 35 % av befolkninga bur på landbrukseigedomar. Trass i folketalsnedgang er det behov for fleire bustadar og større variasjon i bustadtyper.

I Gjeisar bustadområde er det ubygde tomter tilrettelagt for bygging av einebustadar og fleirmannsbustadar. Det er godkjende reguleringsplanar for bygging av leilegheiter på Nilsbue og Stupulvegen 2 og 4, og under utarbeidning eit privat planforslag for bustadar i Eggjavegen 14. Kommunen arbeider med utvikling av bustadar på Kulihaugen. I kommuneplanens arealdel er det sett av bustadareal i Frisvoldskogen i Garmo, som enda ikkje er regulert. På Leirmo er det att nokre tomter for bustadbygging, og potensiale for fleire ved utarbeidning av reguleringsplan og infrastruktur.

Klimautslepp og naturtap

Klima

Klimagassutslepp er utslepp til luft av klimagassar, det vil seie gassar som påverker atmosfærens evne til å holde på varmen (drivhuseffekten) og dermed kladens klima. Døme på slike gassar er karbondioksid og metan.

Det er jordbruk og vegtrafikk som står for hovuddelen av klimautsleppa i Lom. Riksveg 15 går gjennom kommunen. Det er store sesongvariasjonar i trafikken. Årsdøgntrafikken er på 4500 køyretøy på Fossbergom inkludert gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk. 15 % av dette er tungtransport (Statens vegvesen).

Utbetring av riksveg 15 Skjåk-Stryn ligg inne i NTP 2025-2036, og ein kan vente


ei auke i særleg tungtrafikk dersom tiltaket blir realisert.

I 2023 varsla kommunen oppstart av klima- og energiplan. Ein må vurdere om denne skal utformast med mål som inngår i kommuneplanens samfunnsdel, slik som mål frå fleire av dei overordna kommunale planane allereie gjer – i staden for sjølvstendige planar.

I den regionale planen for klima, energi og miljø (Innlandet fylkeskommune) er det eit mål at Innlandet er førebudd på eit klima i endring og skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Lom må vere ein del av denne prosessen.

Naturtap

På grunn av skredfare og flaumfare, dyrka mark, verna område og allereie nedbygd areal er det lite byggbart areal i kommunen. Dette fører til at naturtapet hittil har vore relativt lite og det held seg stabilt lågt. I følgje SSB er 2,64 km² av arealet i Lom fysisk nedbygd av bygg og vegar. Talet er relativt stabilt dei siste åra. Nesten 25 km² er jordbruksareal og også dette talet er relativt stabilt dei siste åra. Ved vedtak av kommuneplans arealdel er det opna for næringsområde på Lågkollen og bustadar i Frisvoldskogen. Dette er døme på tiltak som vil ha konsekvensar for statistikken på arealbruk. Også nydyrkning er eit type tiltak som vil ha konsekvensar for naturområde.



Kjelde: Miljødirektoratet. Utslepp i tonn CO₂-ekvivalentar.

Beredskap

Kommunane har eit grunnleggande ansvar for å ta vare på dei som bur eller oppheld seg i kommunen og skal sørge for tryggleik for innbyggjarane. Kommune er planmynde og har eit særleg ansvar for å sikre at tiltak og planar fremjar tryggleik og gjev eit tryggare samfunn. Det er eit krav at kommunen skal arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik. I dette ligg det både analysearbeid og planlegging av korleis ein skal handle ved særskilde hendingar, og vurderingar og tiltak når hendingar faktisk oppstår.

Lom og Skjåk har felles beredskapskoordinator der Skjåk er verts-kommune.

Dei siste åra har kommunen vore råka av fleire hendingar med konsekvensar for busetting, idrettsanlegg, næringsområde og landbruksareal. Kommunen har dei siste åra kvart år hatt kartleggingar av naturfare, og reglane om tryggleik mot naturfare er stadig i bruk i både plan- og byggesakshandsaming.

Landbruket her er heilt avhengig av kunstig vatning, og tilstanden på breane i fjellet har stor påverknad for tilgangen på vatn. Når brear og fonner blir borte blir kunstig vatning vanskelegare, men før den tid vil auka bresmelting og meir nedbør kunne føre til større flaumar og auka skredfare.

Framtidas utfordringar går fram av klimaframskrivingar: Det vil gå mykje ressursar både til føre var-arbeid og faktiske hendingar knytt til naturfare, særleg ras og flaum. Kommunen må såleis vere rusta både for å handtere klimatilpassing og faktiske hendingar.

I fylkes-ROS utarbeidd av statsforvaltaren i 2022 er det skissert scenarier med ulik sannsyn og konsekvens. Hendingar knytt til infrastruktur gjev stor verknad for Innlandet som fylke. Dette gjeld både fysisk infrastruktur som veg og jernbane, og digital infrastruktur. Det er forbunde ein høg risiko ved svikt i kraftforsyninga, og ved storflaum. Det er også knytt høg risiko til angrep mot kommunane sine datasystem, noko som også vil påverke tenestemottakarar. Tryggingssituasjonen i verda kan føre til store tilstrøymingar av menneske på flukt, noko som vil utfordre kapasiteten på tenestene våre og understreke viktigheita av utdanning, arbeid og integrering. Store akutte hendingar som skred, terror, skogbrann og atomulukker er også scenarier som kommunen må planlegge for.

Landbruket


Landbruket har stor betydning for sysselsetting og verdiskaping i Lom. Utviklinga i landbruket generelt har dei siste tiåra gått i retning av færre og større einingar. Frå 2003 til 2023 er talet på aktive jordbruksbedrifter i Lom redusert med 30 %, og ein forventar at denne utviklinga vil halde fram i åra som kjem. Snittalderen blant aktive produsentar er relativt høg, og det er ein del som nærmar seg pensjonsalder. I tillegg kjem det nye krav til dyrevelferd (til dømes lausdriftskravet) som gjer at det for enkelte føretak vil bli vanskeleg å halde fram, fordi kostnadane ved å oppgradera driftsapparatet for å innfri krav er for høge i forhold til inntektene i drifta.

Frå 2003 til 2023 er tal føretak med mjølkekyr redusert med 55 %. Frå 2013 til 2023 har også den totale mjølkeleveransa gått ned. Tal frå søknadsomgang for produksjonstilskot i mars 2024 viser at det er 47 aktive mjølkebruk i Lom, og av desse er det 29 som har båsfjøs. Berekningar som Tine gjorde i 2021 viste at eitt mjølkebruk genererer 2,4 arbeidsplassar utanfor garden. Dersom ingen av dagens båsfjøs blir bygd om til lausdrift kan det føre til at Lom mistar i underkant av 100 arbeidsplassar i løpet av ein 10-års periode. Det vil utvilsamt ha store negative ringverknadar for heile lokal-samfunnet.


Rasjonaliseringa i landbruket har utan tvil gjort produksjonen av mat meir effektiv. Samtidig er det fleire og fleire – også lokalt - som uttrykker bekymring for den auka arbeidsbelastninga som drift av større einingar fører med seg. Det er krevjande å oppnå stordriftsfordelar i fjellandbruket med små teigar og därleg arrondering. Risikoene er at produsentar hamnar i ein situasjon der det er vanskeleg å halde fram med drifta som følgje av høgt arbeidspress og låg lønnsemd/ høg gjeldsbelastning.

Utmarka er ein viktig ressurs for landbruket i Lom, og årleg er om lag 10 000 dyr som beitar i utmarka på sumaren. Utfordringar med rovvilt er ein trussel mot beitenæringa, og tap av sau på utmarksbeite er eit aukande problem i heile regionen. Dette medfører økonomiske tap for føretaket, og samtidig er det ei stor psykisk belastning for den som blir ramma.

**Utvikling i tal føretak fordelt på husdyrslag frå
2003 til 2023**



**Utvikling i talet på jordbruksbedrifter og
jordbruksareal i drift 2003-2023**



Nærings- og arbeidsliv

Utvikling i folketalet

Små fødselskull kombinert med eldrebølga skaper i tillegg demografiutfordringar. Tala varierer frå år til år, men trenden over tid er likevel klar – vi blir færre og eldre. Pr. 4. kvartal 2023 har Lom 2212 innbyggjarar, mens det er estimert 2066 innbyggjarar i 2030 og 1854 innbyggjarar i 2050 (SSB). Denne utfordringa er ikkje unik for Lom, men gjeld svært mange, særleg i distriktet.

Bedrifter

Næringsstrukturen i Nord-Gudbrandsdalen er prega av mange småbedrifter med lokalt eigarskap. Tala for 2024 syner at Lom har 480 verksemder, der majoriteten er utan tilsette.

Næringsstruktur

I Lom jobbar eit fleirtal av dei sysselsette innan offentleg sektor, primærnæring, bygg- og anleggsverksemd og varehandel og reiseliv. Talet på sysselsette har vore stabil eller med auke innanfor helse- og sosialtenester, bygg og anlegg og industri, teknisk, forretningsmessig og personleg tenesteyting, elektrisitet, informasjon og bergverk. Innanfor jordbruk, skogbruk, varehandel, overnatting og servering har det imidlertid vore nedgang i tal på tilsette i perioden 2018-2023. Her er det likevel verdt å merke seg at det er store sesongsvingingar i løpet av året. 66,6 % av totalt antall sysselsette i Lom jobbar i privat sektor (NHO, 2022).

Totalt antall sysselsette i Lom har gått

ned med 155 dei siste ti åra, siste tal frå 2024 er 1042 sysselsette (SSB).

Nyetableringar

Dersom vi ser på talet for nyetableringar i Lom, så ligg det i snitt ligg det mellom 10-30 nyetableringar kvart år (SSB). Dei fleste av desse står registrert med 0 tilsette eller mellom 1-4 tilsette. Talet på nyetableringar er viktig, da to av tre nye arbeidsplassar blir skapt i nye bedrifter. Samtidig er det utruleg viktig å legge til rette for vekst i eksisterande bedrifter, såkalla "knoppskyting". Erfaringa er at desse normalt har større sjanse for å overleve på sikt, og at dei har enklare tilgang på kompetanse, kapital og personell for å utvikle nye tilbod og tenester.

Arbeidsmarknad


Lom har eit felles arbeidsmarknad med resten av Nord-Gudbrandsdalen, særleg internt i Ottadalen og ned til regionsenteret Otta. 66,3 % av sysselsette mellom 15 – 74 år jobbar i sin eigen heimekommune (Lom). Deretter er det flest som pendlar til Skjåk (9,3 %), etterfylgt av Vågå (8,6 %) og Sel (3,4 %). I tillegg er det rundt 11% som har arbeid utanfor regionen

Arbeidsløyse

Når det gjeld arbeidsløyse ligg Lom greitt an i forhold til andre kommunar i Nord-Gudbrandsdalen, i følgje tal frå NAV. Arbeidsløysa i Lom er sesongbasert, og er lågast i sommarhalvåret. Jamfør NHO sitt kommune-NM for 2023 (tal frå 2022) har Lom ein sysselsettingsandel på 64 %. Berre 1,1 % blir rekna som arbeidslause (NHO). Ei låg arbeidsløyse er bra, men det er òg med på å gje utfordringar innan rekruttering, då det til dømes er mindre arbeidskraft å ta av ved behov for nyrekruttering. Jamfør NAV er det ei ubalanse mellom den kompetansen arbeidsgivarar etterspør, og den kompetansen arbeidssøkjrarar tilbyr i Innlandet. Arbeidsgivarar innanfor både offentleg og privat sektor slit med å få tak i riktig fagfolk, og for næringslivet betyr dette reduserte moglegheiter til vekst og sysselsettingsauke.

I tillegg er utanforskap ei stor utfordring. 1900 personar i alderen 20 – 66 år står utanfor arbeidsliv og utdanning i Nord-Gudbrandsdalen. Dette utgjer 19,2 %.

Talet på tilsette



Næring og antal tilsette	2018	2021	2023
Helse- og sosialtenester	229	221	237
Bygge- og anleggsverksemd	144	136	148
Jordbruk, skogbruk, fiske	196	149	143
Varehandel, reparasjon av motorvogner	117	98	102
Industri	85	89	87
Undervisning	81	88	75
Overnatting og servering	93	70	69
Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	45	45	56
Offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring	57	47	53
Transport og lagring	56	49	47
Personleg tenesteyting	36	52	46
Finansiering og forsikring	23	25	29
Forretningsmessig tenesteyting	19	32	28
Elektrisitet, vann, renovasjon	17	15	21
Ikkje oppgjeve	14	13	17
Informasjon og kommunikasjon	6	10	12
Bergverksdrift og utvinning	3	4	7

Antal tilsette etter næring, Lom (SSB).

Planoversikt

Hensikta med planstrategien, og herunder planoversikta, er å prioritere planoppgåvene og sikre politisk styring med planlegginga, slik at den blir tilpassa behovet og ikkje blir meir omfattande enn naudsynt.

Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteken i 2022. Det vart arbeidd breidt med planen både frå politikk og administrasjon, og med involverte interessegrupper. Tre satsingsområde er definert i planen:

- Berekraft
- Attraktivitet
- Leve heile livet i Lom

Samfunnsdelen er nå bygd opp av hovudmål og delmål, og måla er knytt saman med økonomiplanlegginga i kommunen.

Fleire planar vart arbeidd inn i kommuneplanens samfunnsdel, og det er planlagd å ta fleire inn ved neste revidering.

Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel for Lom vart vedteke i 2022. Planen omfattar arealet i kommunen utanom kommunesenteret, der det er ein eigen kommunedelplan for Fossbergom som vart vedteken i 2020. Desse to planane som til saman dekkjer alt areal i kommunen, syner noverande og framtidige utbyggingsområde, landbruksareal og vern, mellom anna.

Overordna planverk	Vedtak	2024	2025	2026	2027	Merknad
Planstrategi	2020				x	Revidert 2022. Vedtak av ny planstrategi hausten 2027.
Kommuneplanens samfunnsdel	2022		x			Mindre revidering i 2025.
Kommuneplanens arealdel	2022				x	Gjere vurdering av revidering i 2027.
Handlings- og økonomiplan	Årleg	x	x	x	x	
Kommunedelplan Fossbergom	2020				x	Gjere vurdering av revidering i 2027.
Overordna beredskapsplan	2016	x	x	x	x	Minst årleg revidering jamfør sivilbeskyttelseslova.
Heilskapleg ROS	2016	x	x			

Utarbeidninga av kommuneplanen/kommunedelplanen er demokratiske prosessar der innspel frå innbyggjarane og aktørar med planar i kommunen kjem med innspel. Det er i skrivande stund ikkje vurdert som naudsynt å revidere kommuneplanens arealdel eller kommunedelplanen for Fossbergom med det fyrste, men det er lagt opp til ei ny vurdering i 2027. Ved vedtak av ny kommuneplan/kommunedelplan, følgjer det ofte reguleringsplanarbeid. Kommunen arbeider med reguleringsplanar for massetak i tilknyting til fjell- og setervegar, næringsområde på Lågkollen og bustadområde på Fossbergom og i Frisvoldskogen. I tillegg blir det utarbeidd private reguleringsplanar som kommunen handsamar, og vegvesenet har meldt oppstart for regulering av riksveg 15 frå Rådzbakkane til Lom sentrum.

Handlings- og økonomiplan

Økonomiplanen er kommuneplanens handlingsdel. Her blir måla i kommuneplanen prioritert og konkretiserast, og slik sørger ein for ei tett kopling mellom mål og kva det faktisk blir sett av ressursar til i dei årlege budsjetta. Ved tertial-rapportering rapporterer ein også på tiltak som ikkje har ein direkte økonomisk konsekvens.

Å ha ei tett kopling mellom kommuneplanen og handlings- og økonomiplanen fører til at bandet til den vedtekne kommuneplanen blir sterkare – både politikk og administrasjon vil slik kunne kjenne betre til innhaldet og bruke planen meir aktivt.

Overordna beredskapsplan

Med utgangspunkt i ROS-analysen skal kommunen utarbeide ein beredskapsplan. Denne skal syne tiltak kommunen har førebudd for å handtere dei uønskte hendingane som er synt i ROS'en. Skal vere oppdatert og reviderast minimum årleg.

Heilskapleg ROS

Kommunen pliktar å kartlegge kva uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynet for at hendingane faktisk skjer og korleis dei kan påverke kommunen. Resultatet av desse vurderingane skal samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). Gjeldande ROS er utarbeidd som eit samarbeid i regionen. Lom kommune utarbeider nå eigen ROS.

Krava om overordna beredskapsplan og ROS er heimla i sivilbeskyttelseslova.

Tema- og sektorplanar	Vedtak	2024	2025	2026	2027	Merknad
Klima- og energiplan	Ny		x	x		Planprogram vedteke i 2023. Vurdere innarbeiding i kommuneplanens samfunnsdel.
Kulturmiljøplan	Ny	x	x			Planprogram vedteke i 2024.
Beitebruksplan	2007		x	x		
Hovudplan for skogbruket	Ny		x			
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	2019					Rullerast inn i overordna planverk.
Tilstandsvurdering og saneringsplan. Vatn og avløp	2024	x				Vurdere rullering av hovudplan vatn og avlaup etter at tilstandsvurdering og sanneringsplan ligg føre
Trafikksikringsplan	2022		x	x		
Reisemålsstrategi	2024					I samarbeid med Visit Jotunheimen. Ikkje planlagd revidert i perioden.
Førebyggande plan for oppvekst i Lom kommune	2024					Ikkje planlagd revidering i perioden.
Strategisk kompetanseplan	2013		x	x		
Rehabiliteringsplan	2019					Rullerast inn i overordna planverk.
Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020	2011					Rullerast inn i overordna planverk.
Integreringsplan	2017					Rullerast inn i overordna planverk.

Interkommunale planar	Vedtak	2024	2025	2026	2027	Merknad
Regional reiselivsstrategi	2012		x			
Gudbrandsdalen 2030	2023					Ikkje planlagd revidert i perioden.
Klima- og miljøplan for landbruket i Gudbrandsdalen	Ny		x			
Strategiplan for helsefellesskap Innlandet 2022-2026, med handlingsdel	2023			x		Revidering av strategiplan i 2026, handlingsplanen årleg.
Strategiplan for oppvekst-reformen i Nord-Gudbrandsdalen	2023					Ikkje planlagd revidering i perioden.

Planprogram

Jamfør plan- og bygningslova § 4-1 skal det utarbeidast planprogram når kommuneplanen skal reviderast. Planprogrammet skal redegjøre for formål, utgreiingsbehov og korleis arbeidet skal gjennomførast og medverknadsprosessar.

Kommunen legg opp til relativt hyppige mindre revideringar av kommuneplanens samfunnssdel, for å halde det overordna planverket oppdatert og for å halde det relevant, og sjølv om gjeldande plan er vedteke i 2022, planlegg ein ein gjennomgang i 2025. difor varslar ein saman med planstrategien også oppstart av ei revidering av samfunnssdelen.

Prosess

Ved varsling av oppstart av revidering av kommuneplanen er det krav om høyring av planprogrammet i minimum seks veker. Dette planprogrammet er forenkla, både fordi gjeldande kommuneplan er relativt ny, og fordi planstrategien inneheld eit kunnskapsgrunnlag som også utgjer eit grunnlag for planprogrammet. Når planstrategien og planprogrammet blir vedteke, kan kommunen starte arbeidet med revideringa av sjølve kommuneplanen. Planforslaget skal fremjast til politisk handsaming for høyring i 2025.

Medverknad

Da kommuneplanen vart utarbeidd i perioden 2021-2022 var det lagt opp til ein brei medverknad. Kommuneplanen som da vart utarbeidd var som ny å rekne, medan revideringa som nå blir planlagd er meir avgrensa. Likevel er det viktig å sikre medverknad frå administrasjonen, politikken og kommunale råd, og gjennom brukar- og interessegrupper. Utarbeidinga av planforslag skjer elles i dialog med overordna styresmakter.

Hovudtema i revideringa

- a) Innarbeide mål frå overordna planar jamfør planoversikta.
- b) Digital transformasjon. Korleis kan kommunen levere tenester på nye måtar ved bruk av teknologi.
- c) Demografisk utvikling og folkehelse. Den demografiske utviklinga vil utfordre berekrafta i den kommunale tenesteproduksjonen. Korleis skal kommunen jobbe aktivt med folkehelse inkludert aukande utanforskap.
- d) Beredskap. Korleis skal kommunen arbeide godt med beredskap for å sikre tenesteleveranse til innbyggjarane i krisesituasjonar.
- e) Klima- og miljø. Korleis skal kommunen arbeide med klimatilpassing og redusere klimautslepp og naturtap.
- f) Arealstrategi. Gjennom ein arealstrategi kan kommunen fastsette kva overordna rammer som skal ligge til grunn i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Arealstrategien blir dermed ei strategisk avklaring av kva areal kommunen ønskjer å nytte i framtida og korleis ein ønskjer å nytte dei.

Planprosess

Aktivitet	Tidsrom	Behandling/medverknad
Politisk behandling av oppstartsvarsel og planprogram	24. september 2024	Formannskapet sak PS 2024/68
Offentleg ettersyn, høyring	24. september til 28. oktober 2024	
Godkjenning av planprogram	10. desember 2024	Formannskapet 26. november 2024 Kommunestyret 10. desember 2024
Utarbeiding av planforslag - medverknad	Januar til mai 2025	Innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, politikarar
Arbeidsmøte kommunestyret	Juni 2025	Kommunestyret
Fyrste gongs politisk behandling	September 2025	Formannskapet
Offentleg ettersyn og høyring	Oktober 2025	
Sluttbehandling og vedtak	November og desember 2025	Formannskapet og kommunestyret